

# Runeinnskriftene i kyrkja

av James E. Knirk

***Runer hadde vore i bruk som skrifteikn i Noreg i over tusen år då Uvdal stavkyrkje vart bygd. Både språket og alfabetet hadde endra seg gjennom tidene. For 800 år sidan var folkespråket gammalnorsk (norrønt), og runevarianten var dei norske mellomalderrunene.***

Runerekkja frå høgromalderen kunne sjå slik ut:

Ʀŋþáŕʒ†tíí'íBʄrʌ ††þʄʀK̄h  
f u t h o r k h n i a s t b m l y e æ œ g d þ ç z

Her er runene omskrivne med dei tilsvarende latinske bokstavane. Det tredje teiknet, þ, vart uttala som *th* på engelsk. Dei første 16 runene var nedarva frå vikingtida og utgjorde med si faste rekkjefølgje sjølve alfabetet, medan dei andre kom til i sein vikingtid og tidleg mellomalder. Den lodrette streken i dei fleste teikna kallar vi staven; skråstrekan kan kallast kvister. For å spare plass eller gjera ristinga enklare kunne ein skriva runeteikn saman i såkalla bindruner, t.d. ʒ+ŕ = ŕ. I omskrift gjev vi dette att med ein boge over bokstavane: *āŕ*.

Dei aller fleste kjende norske runeinnskriftene høyrer mellomalderen til. Rundt 500 mellomalderinnskrifter vart utgjevne i Norges Innskrifter med de yngre Runer bd. I-V (Oslo 1941-60), og nesten 300 av dei var innskrifter som var skorpe inn i kyrkjevegger eller -søyler. Størsteparten av desse kan karakteriserast som veggskribleri. Oftast står det berre nokre få runeteikn, kanskje eit namn, eller ei stutt setning som t.d. "NN riste desse runene" (mellomalderens "Kilroy was her") eller "Må Gud hjelpe NN". Mange av

dei andre innskriftene i den nemnde utgåva stod på kyrkjeinventar (døypefontar o.l.), gravsteinar eller kristelege amulettar.

Tidlegare utgjorde kyrkjeinnskriftene over halvparten av alle dei kjende norske runetekstane. Men dei siste 35 år har arkeologane her til lands grave fram or bygrunn frå mellomalderen over 800 gjenstandar med runer på. Etter måten mange av dei er runepinnar, dvs. trepinningar som er skorpe til som grunnlag for innskrifter med ei eller fleire flate skriftsider. Alle nyfunne norske runeinnskrifter er registrerte i Runearkivet ved Universitetets Oldsaksamling i Oslo. Dei som ikkje kjem frå Bryggen i Bergen, er nummererte i ein A-serie (Addenda).

## Runepinnar funne under utgravinga

To runepinnar vart funne i Uvdal stavkyrkje i samband med utgravinga under kyrkjegolvet i 1978. Dei vart registrerte av føregangaren min ved Runearkivet, Aslak Liestøl, og presentasjonen her gjev att nokre av opplysningane frå notata hans.

Innskrift A206 står på ein runepinne som vart funnen i såldet; i Oldsaksamlinga har han museumsnummer C.34866/2347. Han er avbroten i den eine enden og er no 147 mm lang. Tverrsnittet er rektangulært 14 x 8-9 mm, med fasettering av kantane langs den eine breisida. Innskrifta står på den andre breisida, ho tek til ved den eine enden og strekkjer seg over halve lengda. Overflata er tært, men alle teikna er tydelege under lupe. Langs kanten ved toppen av runeteikna er ei tett rad med knivstikk, som ser ut som ei stipla line. I denne kanten er også mange små sår. Vi kan lesa ʒRIRʀ RÍŌ YH:RŊIR (se fig. 1) dvs. *æirikār rit mer:runār*. Dette kan normaliserast til norrønt *Eirikr, rit mér rúnar* og omsetjast med: "Eirik, skriv runer for meg!" Eirik var eit svært vanleg namn i mellomalderen, så det er umogleg å identifi-





1. Runepinnen med meldinga: "Eirik, skriv runer for meg!" © Universitetets Oldsaksamling, fotograf James E. Knirk.

sera han. Men han er utan tvil blant dei tidlegaste uvdølane vi kjenner til. Namnet er skriva med ein ekstravokal, *-a-*, føre den norrøne endinga *-r*. Å skriva ekstravokal her er noko som tek til i gammalnorsk på 1200-talet og som vert meir og meir vanleg mot slutten av hundreåret. Innskrifta kan koma frå siste halvdel av 1200-talet.

Det første runeteiknet er skadd: ei line er trykt inn midt over teiknet, som difor no liknar mest på *h* og ikkje *æ*. Men lina er ikkje skoren med kniv og høyrer altså ikkje med til innskrifta. Pinnen vart utstilt i kyrkja året etter utgravinga med feilopplysningar om lese måten pga. denne trykkskaden. Det vart lese *herikar* for første ordet, og dette vart oppfatta som anten ei feilskrift for Henrik eller ei sideform til Hårek.

Den delen av flata der runene står, er spikka til med eit ekstra snitt som har teke bort ei ca. 1 mm tjukk flis av breisida i ei lengd av 9-10 cm. Også føre det første runeteiknet er eit lite stykke spikka bort. Aslak Liestøl tolka innskrifta "Eirik skreiv runer for meg" (med *rit* for normalisert *reit*). Etter hans vurdering kan det ha stått runer på flata som er spikka bort. Det er elles vanskeleg å skjønna kor Eirik har skriva dei runene som etter denne tolkinga er nemnde i innskrifta. Men det finst ikkje spor etter noka tidlegare innskrift, så dette er berre ei gissing. Sidan normalisert *ei* "Eirik" erstava *æi*, ville vi heller ikkje venta at *reit* skulle stavast *rit*.


Meldinga på pinnen har ikkje noko med kyrkja å gjera. Det er ei verdsleg innskrift der sjølve aktiviteten av runeristinga er omtala. Det er mange slike innskrifter i runematerialet, men dei er som regel formulerte som utsegn, ikkje som oppmoding som her.

Innskrift A207 står på eit 88 mm langt runekjevle som vart funne i søraustre delen

av midtrommet i skipet blant overflatefyll (museumsnummer C. 34866/2409). Kjevlet er noko opptært og skadd, og enkelte stykke av kantane er brotne av. Det har eit tverrsnitt  $7\frac{1}{2} \times 7\frac{1}{2}$  mm, og det står runer på tre av sidene. Dei er delvis vanskelege å lesa pga. skadane og tæring. Runene dekkjer side a nesten heilt, side b heilt og berre byrjinga av side c. I omskrifta her står spørsmålsteikn for utydelege runerestar, til vanleg berre rest av ein stav. Parentesar står rundt lese måtar som elles er usikre. Det kan vera vanskeleg å skilja mellom *a* og *o* når øvste delen av teiknet er borte. Så godt vi kan sjå det no, står det følgjande (sjå fig. 2): a) *a????? s(on)ut(i)ss(o)pieakieæþkienkiel(a)tus*, b) *lonk(i)aaiu(:)rumkrira(o)m?(r)u?e(i)u(i)*, c) *a(a)???(s)*. Line a kunne også lesast: *a?(u)???(al)ut(i)ss(a)pieakieæþkienkiel(o)tus*.

Runene gjev absolutt ikkje meining slik dei står. Dette må ha vore ein tekst som runeristaren ikkje forstod, og alt tyder på at den var på latin, altså ein kyrkjeleg tekst. Pinnen var sikkert ein amulett. Det einaste latinske ordet som no kan skiljast ut med noka visse, er i line a: *æþ* midt i, den vanlege skrivemåten i runer for latinsk *et* "og". Elles kunne *pie* litt tidlegare i lina representera ei form av *pious* "from, heilag", og *latus* eller *elatus* i slutten av lina kunne tolkast som *latus* "brei; side; bore/tolt" eller *elatus* "opp-høgd", dersom det ikkje står *lotus* "(har) vaska". Etter den alternative lese måten kunne det stå *salutis* tidlegare i lina, dvs. eigeform av *salus* "helse; frelse". Elles er det lite som kan identifiserast. Teksten har nok vore igjennom ei overlevering der folk ikkje har skjont han, og etter kvart er fleire feil komne inn på ymse måtar. Etter dei sju første teikna på side b vart forresten heile resten av sida "radert bort" ved avspikking før den noverande innskrifta vart rist. Innskrifta må daterast til tida før 1300. Teiknet





2. Amulletten med ein maltraktert tekst på latin på tre sider. Foto av a-sida. © Universitetets Oldsaksamling, fotograf Aslak Liestøl. Teikning av alle tre sidene ved James E. Knirk.

for **p** er den eldre, "punkterte" **B**-en, ikkje den yngre varianten som ser ut som **K**. Arkeologisk daterte runeinnskrifter frå Bryggen i Bergen tidfester overgangen mellom desse variantane til 1200-talet.

Desse to runepinnane kan samanliknast med dei fem som vart funne under golvet i Lom stavkyrkje (sjå Liestøls presentasjon i Lom stavkirke forteller). Den eine var eit svært personleg og verdsleg brev, det såkalla friarbrevet frå Lom, og dei fire andre var amulettar. Amulettane har latinsk tekst, t.d. på den eine: *Pater noster qui es in celis* ("Fader vår, du som er i himlane") og *Ave Maria gratia* ("Ver helsa Maria, (full) av nåde") saman med namna på evangelistane. Ingen av dei tre amuletttekstane som er heile nok til å kunna tolkast, avslører nokon stor lærdom. Ei line frå ein av dei er instruktiv, nemleg: **suspepispuskurusifihs usam**. Her let *crucifixus* "krossfest" seg lett skilja ut. Aslak Liestøl spekulerte over om **suspepispus** og **am** eigentleg berre kunne vera ei svært dårleg attgjeving av orda rundt *crucifixus* i truvedkjenninga *Credo: sub Pontio Pilato passus, crucifixus, mortuus ... (est)*, dvs. "(som) er pint under Pontius Pilatus, krossfest, død ...". I så fall viser dette kor gale det kunne gå når runeristaren ikkje forstod den teksten han skreiv av.

#### Runeinnskrifter skorne inn i sjølv kyrkja

I 1960-åra vart det funne ei runeinnskrift i Uvdal stavkyrkje skoren inn i ein del av sjølv bygget. Aslak Liestøl registrerte ho som innskrift A28 i Runearkivet. Gjennom nesten heile 1980-åra var John Arild Stubberud tilsett som omvisar ved kyrkja. I 1986 fann han nokre figurar rissa inn i søre korveggen, og også ei runeinnskrift (A286). Då byrja han å leita systematisk på veggene i kyrkja, og på kort tid fann han fire innskrifter til. Året etter fann han den førebels siste innskrifta (A295). Alle dei innskriftene han fann, er presenterte stutt i meldingsbladet *Nytt om runer*, dei fleste i nr. 2 (1987) og A295 i nr. 3 (1988). Her skal dei omtalast meir utførleg og i ei systematisk rekkjefølgje etter kor dei finst i kyrkja.

Innskrift A286 er skoren inn i nordaustre hjørnestaven i koret. Ho byrjar 160 cm over det noverande golvet, er 6 cm lang med 3-3 1/2 cm høge runer og går skrått oppover med ca. 30 graders vinkel (sjå fig. 3). Runene må truleg lesast **nåleuila(s)** eller **nåle uila(i)**, men dette gjev ikkje utan vidare noka språkleg mening. Det er uvisst om innskrifta skal vera ein tekst på gammalnorsk eller latin, ei forkorting av noko eller berre nonsens. Sjølv runeteikna er noko usikkert riste.



Innskrift A290 står også i nordaustre hjørnestaven i koret, ca. 9-10 cm til høgre for og skrått nedanfor innskrift A286. Runene er 2 1/2 cm høge, er skorne med skarpe snitt og går loddrett nedover. Innskrifta byrjar 157 1/2 cm over golvet og er berre to teikn: **fu**. Desse to runene er dei to første i runerekkja, og det er mest truleg at dei rett og slett skal forestella byrjinga av sjølvne runerekkja (sjå nedanfor om A287-A288).

Innskrift A28 står eit godt stykke nede på innsida av sjølvne døra i sørveggen av koret. Ho er dekt av den venstre dørkarmen og er usynleg når døra er stengd. Nedste delen av runeteikna er dekt av ei tetningslist som er sett på seinare, truleg samstundes med at dørbladet i 1824 vart flytt frå innsida av koret til utsida. (Etter at så mange liv gjekk tapt då Grue stavkyrkje brann ned i 1822, kom eit kongeleg påbod om at alle stavkyrkjedører skulle flyttast til utsida.) Døra vart også snudd opp ned, og innskrifta må opphavleg ha stått høgare oppe, om lag i same høgd som mannshovudet som er rissa inn i korveggen til høgre for døra. Innskrifta er rissa inn loddrett, tek no til 72 cm nedanfrå og går oppover. Ho er 11 cm lang, og runene må vera ca. 4 1/2 cm høge. Trass i litt tjære og måling på innskrifta er runene klåre og tydelege (sjå fig. 4): **KIAR KIAR** dvs. (**p**)**atær nostær**. Nedre kvisten på rune 1 er heilt dekt av tetningslista, men utifrå konteksten er lese måten opplagd. Elles kjem berre ei lesing **k** på tale, som ikkje gjev meining. Teiknet er den yngre varianten av **p**, som kjem i bruk på 1200-talet.

Innskrifta inneheld dei to første orda i bønna *Pater noster* (fadervår på latin). Vi må tenkja oss at dei her står som namn på bønna og såleis representerer heile teksten. Eit anna døme på dette finst i runeinnskrifta på gravsteinen frå Øye kyrkje i Valdres, som lyder: "Her kviler Tora, mor til Eirik prest. Pater noster." *Pater noster* og truedkjeninga *Credo* (og frå 1200-talet også englehelsinga *Ave Maria*) var grunnelementa i den kristne trua, og alle skulle kunne dei. I det norske runematerialet førekjem heile *Pater noster* på ei blyplate frå Ulstad i Lom, og nokre få andre innskrifter gjev att lengre brotstykke (som t.d. amuletten frå Lom



3. (over) Dei uforståelege runene i koret.  
4. (under) Pater noster-innskrifta på kordøra.  
© Universitetets Oldsaksamling, fotograf James E. Knirk.



nemnd ovanfor), medan dei fleste av dei om lag 15 andre *Pater noster*-innskriftene berre inneheld dei to første orda. (Sjå Liestøls utgreiing om "Innskrifter med Pater Noster og Ave Maria" i Norges Innskrifter med de yngre Runer bd. VI s. 41-43.) Ein plar skriva **pater noster**, med ein stavemåte som speglar att skriftbiletet i bokskrift. Stavemåten i vår innskrift, som også i innskrifta på blyplate frå Ulstad, viser at den stutte *e*-en her vart uttala meir open i Noreg i mellomalderen, dvs. som *æ*.

Innskrift A295 er ripa inn i vestsida av nordre korstaven i koropninga inn til skipet. Runene står ca. 1/2 m over golvet og er delvis dekte av ein skråstivar. Innskrifta vart undersøkt av John Arild Stubberud i 1988 då bjelken eingong vart losna. Ho er 3 1/2 cm lang og går nedover; runene er 2 1/2-4 cm høge. Det står **kiar** (eller **kiar**), som er uforståeleg. Det er eit hol langt nede i første



runestaven, men dette har nok ikkje noko med runa å gjera.

*Innskriftene A287 og A288* står baa på den opphavlege eller austlegaste midtstaven i skipet. Dei er skorne tydeleg inn i staven, men er no dekte av tjukk, blågrønn og marmorert oljemåling frå ca. 1730. Det er heilt utruleg at Stubberud klarte å få auga på dei. Midtstaven er 10-kanta, og innskrift A288 står på flata i vest. Ho byrjar 92 1/2 cm over det noverande golvet og går nedover. Runene er 10 cm høge og innskrifta, som er berre to runeteikn, er 6 1/2 cm lang. Det står **fu**, akkurat som i A290 (sjå ovanfor). A287 står på flata ved sida av i vest-nordvest. Innskrifta byrjar 95 1/2 cm over golvet og går loddrett oppover. Runene er 6 cm høge, og innskrifta er 28 1/2 cm lang. Det står (sjå fig. 5): **fuþorkhnia(s)tblm**, dvs. nesten heile runerekkja. Den litle **r**-en er heilt tydeleg først utegløymd og så sett til etterpå, **s**-teiknet er noko usikkert, og det siste runeteiknet er ikkje med i det heile. Eit stykke føre **f** står ein strek, og tre gonger står det ekstra strekar blant runene: rett føre **þ**, rett føre **k** og mellom **t** og **b**. Dei tykkjast vera skorne litt veikare enn runestavane og er truleg feilristingar. Det bør likevel nemnast at runerekkja var delt inn i tre grupper (**fuþork**, **hnias** og **tblmly**), men den eventuelle inndelinga med strekar her stemmer ikkje med den vanlege gruppeinndelinga. Runeteikna **ml** kunne bytast om til **lm**, som her, i høgmedlomalderen. Grunnen til dette er sikkert påverknad frå rekkjefølgja i det latinske alfabetet. Men det har likevel vist seg vanskeleg å bruka dette til tidfesting av slike innskrifter.

Vi finn altså tre såkalla futhark-innskrifter i kyrkja. "Futhark" er namnet på runerekkja frå folkevandringstida, etter dei første 6 runene, omtrent som når vi taler om "abc" for alfabetet vårt. (Det rettare namnet for runerekkja i mellomalderen er "futhork".) To gonger står berre dei to første teikna i rekkja, ein gong om lag heile runerekkja. Det må nemnast at utforminga av **f** og **u** er ulik alle tre gongene, det må såleis stå tre forskjellige runeristarar bak innskriftene.

Spørsmålet er: Kvifor står runerekkja der? Det er ymse teoriar om fenomenet (sjå leksikonartiklane til Liestøl og artikkelen til



5. Teikning av runerekkja på midtstaven; innskrifta er dekt av oljemåling.

Stoklund og Moltke i litteraturlista). Mange pinnar frå mellomalderbyar er sikkert øvingsstykke. Runerekkja hadde ein sentral posisjon i opplæringa i runeskriving, og håpefulle unge runemeistrar måtte læra å rista ho. Ho var også sjølvve nøkkelen for såkalla løynderuner, eit kodesystem med runer. Men det kan ikkje vera grunnen til at runerekkja står på midtstaven i Uvdal stavkyrkje. Ein som ville øva seg i å rista runer, kunne sikkert ha funne ein runepinne som høvde betre til føremålet. Runerekkja i A287 må ha vore godt synleg for kyrkjelyden, og det kunne tenkjast at dette rett og slett var eit eksempel på folkeopplysning, ein demonstrasjon av runer til "pryd og belæring" som det heiter. Men dette kan nok ikkje forklara dei andre to **fu**-innskriftene. Elles har forskarane oftast tenkt seg alfabetmagi som bakgrunnen for at runerekkja vart rist. Den gongen, då dei aller fleste ikkje var skrivekunnige, må sjølv alfabetet ha representert ei ukjend makt. Det var ei form for magi å kunna kommunisera over lange avstander gjennom skrift. Runerekkja, på same måten som alfabetet, kunne skrivast for å kalla fram denne makta. Også berre det første eller dei første teikna kunne skrivast og stå for heile runerekkja. Vi har fleire eksempel på at futharken vart brukt som magisk formel frå vikingtida og endå tidlegare. Mykje av dette må framleis ha vore att i mellomalderen.

*Innskrift A289* står på vestportalen til kyrkja, på utsida av inngangsdøra til skipet. Runene byrjar ca. 120 cm oppe på døra, er 17 cm inn frå kanten ved hengslene og går loddrett oppover mellom to delar av dørbeslaget. Innskrifta er minst 9-10 cm lang, og runene er 3-3 1/2 cm høge. På utsida av hovudinngangsdøra har runene vore utsette for sol, vêr og vind i lange tider, særleg før vindfanget vart sett opp. Teikna er sterkt





6. Restar av runeinnskripta på hovudinn-gangsdøra. © Universitetets Oldsaksamling, fotograf James E. Knirk.

forvitra og for største delen, unnateke slutten, uleselege (sjå fig. 6). Det står: ??????(ur) ??n:sin. Med runer vart skiljeteikn, oftast dobbelpunkt som her, brukte som regel mellom kvart ord i ei innskrift. Her er siste ordet truleg ei form av "sin", dvs. at innskripta nok har vore på gammalnorsk, ikkje latin. Meir kan diverre ikkje seiast.

Vi vert ikkje særleg klokare av runeinnskripte som er skorne inn i kyrkja. To av dei er korte og gjev førebels ikkje meining, ei er nesten uleseleg, tre inneheld sjølve runerekkja eller dei to første teikna i rekkja, og ei lyder berre "Fader vår", noko som ein kunne venta i ei kyrkje. Likevel er dei alle, saman med dei to runepinnane som vart funne under golvet, kjærkomne tilskot til det store talet av runeinnskripter i og frå norske kyrkjer frå mellomalderen.

#### LITTERATUR

Knirk, James E. "Arbeidet i Runearkivet, Oslo." Nytt om runer 2 (1987) s. 6-9.

Knirk, James E. "Arbeidet i Runearkivet, Oslo." Nytt om runer 3 (1988, utkome 1989) s. 8-10.

Liestøl, Aslak. "Futhark." Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder bd. V sp. 35-37. Oslo etc. 1960.

Liestøl, Aslak. "Runefunn under golvet." I: Lom stavkirke forteller, s. 177-90. Oslo 1978. (Særprent av s. 101-198 av Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Årbok 1978.)

Liestøl, Aslak. "Runemagi." Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder bd. XIV sp. 462-66. Oslo etc. 1969.

Norges Innskrifter med de yngre Runer bd. I-. Ved Magnus Olsen, Aslak Liestøl, Ingrid Sanness Johnsen & James E. Knirk. Oslo 1941-.

Stoklund, Marie, & Erik Moltke. "Futharken - hvorfor står den der?" I: Det skabende menneske: Festskrift til P. V. Glob bd. I s. 184-93. København 1981.

James E. Knirk er førstekonservator ved Institutt for arkeologi, kunsthistorie og numismatikk ved Universitetet i Oslo, der han har ansvaret for Runearkivet.

## The Runic Inscriptions

Runes were the ancient Germanic alphabet and were still in use in Scandinavia during the Middle Ages. Several hundred runic inscriptions have been found in medieval Norwegian churches or on objects with ecclesiastical connections.

Two rune-sticks were found under the floor of Ulvdal Stave Church during the archeological excavation in 1978. The first one measures 147 x 14 x 8-9 mm. The inscription, registered as A206, should most likely be translated: "Eirik! Write runes for me!" The other rune-stick measures 88 x 7 1/2 x 7 1/2 mm. There are runes on three sides, many of them damaged. The text, A207, is indecipherable, although it is clearly based on Latin; the stick must have been a Christian amulet. Both rune-sticks should probably be dated to the 1200s.

There are in addition seven inscriptions on various surfaces of the church building itself. The one cut on the inside of the door on the south side into the chancel, A28, reads "Pater noster," the first two words of the Lord's Prayer in Latin. The inscription on the stave in the northeast corner of the chancel, A286, gives no meaning, and the same is true of the four runes, A295, scratched in the stave on the north side between the chancel and the nave. Close by A286 one finds two runes, A290: **fu**. The same two runes are found on the western face of the original (most easterly) middle stave in the nave, A288. On the adjoining surface in the west-northwest of this middle stave is A287: **fuþorkhnia(s)tþlm**. This row of runes is the entire runic alphabet, minus the last letter, in its own peculiar order. The other two inscriptions consisting only of **fu** represent the beginning of the runic alphabet. The inscription with the entire runic alphabet could have been designed primarily to help the parishioners learn runes. The incomplete alphabets, however, could represent some type of protective "magic". The last inscription, A289 on the outside of the door in the west into the nave, is so weathered that it can no longer be read.